Vestlandsrådet

Saksframlegg

Saksnr:	2026/4095-28
Saksbehandlar:	Audun E.G. Sunde, Vestland fylkeskommune

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Vestlandsrådet	**12/26**	**04.11.26**

Havvindmeldinga - viktig for omstilling og ny aktivitet på Vestlandet

Forslag til vedtak

Vestlandsrådet viser til saksframlegget og vedtek forslaget til uttale om den komande havvindmeldinga som viktig for omstilling og ny aktivitet på Vestlandet, med følgjande merknader:

……..

……..

Robert Rastad
fylkesdirektør

Thorbjørn Aarethun
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing


Bakgrunn for saka

Energiministeren har nyleg varsla at det vil kome ein nasjonal havvindplan tidleg på nyåret som skal stake ut vegen vidare for den langsiktige havvindsatsinga i Noreg. Planen skal avklare og regulere vidare utlysingar og vegkart mot 2040, rammevikår for statsstøtte, kostnadsreduksjon, industriutvikling og ringvirkninger for leverandørkjeden, nettforvaltning og systemintegrasjon, samt sameksistens og miljøkrav.

Fylkesdirektøren ser det derfor som aktuelt at Vestlandsrådet uttaler seg om forventningar til arbeidet med ein nasjonal havvindplan.

Status og nasjonal politikk rundt havvindsatsinga har skapt uvisse, og det er framover behov for å avklare viktige rammevilkår for langsiktig satsing og store investeringar.

Havvind vart først nemnt i stortingsmelding om norsk klimapolitikk i 2006-2007, der det kom fram at det skal etablerast ein nasjonal strategi for elektrisitetsproduksjon til havs. I 2010 kom Havenergilova, og NVE har seinare identifisert moglege utgreiingsområde for havvind som vist på kartet under.



Hywind Tampen er så langt einaste utbygde havvindpark på norsk sokkel. Dette er verdas største flytande vindpark, og forsyner Snorre- og Gullfaks-felta i Nordsjøen med elektrisk kraft. Equinor er utbyggjar og operatør. Installert effekt er 94,6 MW, og årleg produksjon dekkjer om lag 35 % av kraftbehovet til installasjonane.

20. mars 2024 vart det kjent at Ventyr SN II har vunne auksjon om tildeling av prosjektområde for havvind i Sørlege Nordsjø II. Området ligg heilt sør ved sokkelgrensa til Danmark. Feltet er tenkt utbygd med botnfast løysing med i landføring av kraft til Noreg. Fristen for å levere konsesjonssøknad er utsett med eitt år til 15. oktober 2027. Selskapet grunngav søknaden med mellom anna behov for meir tid til å utgreie mogleg alternativ trasé for ilandføring og nettilknyting.

I 2025 gav Stortinget regjeringa fullmakt til å inngå forpliktingar om støtte til flytande havvind i prosjektområdet Utsira Nord innanfor ei kostnadsramme på 35 milliardar 2025-kroner. Utsira Nord vart lyst ut i 2025, og i februar 2026 fekk to aktørar tildelt kvart sitt prosjektområde. Aktørane er i ferd med å utvikle prosjekta sine før konsesjonssøknad.

I juni 2026 fatta Stortinget eit oppmodingsvedtak om ekstern kvalitetssikring av støtteprogrammet for flytande havvind i Utsira Nord før tildeling av statleg støtte. Vedtaket innebar at regjeringa måtte leggje fram eit breiare beslutningsgrunnlag om teknologiutvikling, samfunnsøkonomiske verknader, kraftsystemeffekter og statens risiko. Regjeringa har besvart dette i samband med statsbudsjettet for 2027. Dei eksterne vurderingane understøttar at Utsira Nord kan bidra til den norske kraftbalansen, samtidig som prosjektet kan bidra til teknologiutvikling og kostnadsreduksjonar for flytande havvind.

Forslag til uttale

Fylkesdirektøren vil føreslå følgjande uttale frå Vestlandsrådet til den komande varsla nasjonale havvindplanen:

> «Energiministeren har varsla at regjeringa vil leggje fram ein nasjonal havvindplan på nyåret. Gjennom ein slik plan forventar Vestlandsrådet stabile og føreseielege rammevilkår for havvindsatsinga. Langsiktige investeringar i ny teknologi og aktivitet føreset tillit til prosessar og at politiske vedtak står seg over tid. I samband med dette vil Vestlandsrådet fremje følgjande:
>
> 1. Noreg har gjennom fleire tiår bygd opp verdsleiande maritim næring, verftsindustri og leverandørindustri med særleg tyngde på Vestlandet. Signala frå verftsindustrien er tydelege på nedgang i oppdrag og frykt for tomme ordrebøker i åra som kjem. Havvind representerer ei viktig moglegheit for omstilling, verdiskaping og nye arbeidsplassar langs kysten. Vestlandsrådet forventar at regjeringa legg til rette for at kompetansen og kapasiteten som er bygd opp i desse næringane kan vidareutviklast gjennom ei langsiktig satsing på havvind.
> 2. Havvindpolitikken må innrettast slik at han både bidreg til ny fornybar energiproduksjon og størst mogleg verdiskaping i Noreg. Satsinga må byggje opp under norske konkurransefortrinn innan maritim industri, offshoreverksemd og havteknologi. Staten bør leggje til rette for at prosjekt på norsk sokkel, saman med verkemiddel og kontraktstrategiar, fremjar oppdrag til norske verft og leverandørar, teknologisk utvikling og sysselsetjing.
> 3. Havvindsatsinga må byggjast opp gjennom langsiktige og føreseielege rammevilkår. Utsira Nord er viktig i seg sjølv, men det er avgjerande at regjeringa også gir tydelege signal om vidare område og prosjekt. Ei stegvis prosjektportefølje er nødvendig for å byggje ein heimemarknad som utløyser investeringar i kompetanse, produksjonskapasitet og teknologiutvikling, og som sikrar aktivitet og arbeidsplassar ved verft og i leverandørindustrien langs vestlandskysten. Dette vil styrkje grunnlaget for at norsk industri, særleg innan flytande havvind, kan ta leiande internasjonale posisjonar og utvikle nye eksportmoglegheiter.

4. Den varsla nasjonale havvindplanen må leggje til rette for utvikling av den infrastrukturen som er naudsynt for å realisere havvindsatsinga, inklusive hamner, forsyningsbasar, logistikknutepunkt og maritime tenester langs vestlandskysten.
5. Kunnskapsgrunnlaget om miljøverknader og sameksistens mellom havvind og andre havnæringar må styrkjast gjennom målretta forsking og systematisk oppfølging. Det må særleg takast omsyn til fiskeriinteresser, og viktige gyteområde, fiskefelt og sårbare naturområde må skjermast mot utbygging.
6. Havvindprosjekt med nett-tilknyting til Vestlandet vil bidra vesentleg til både krafttilgang og industriutvikling. Her har landsdelen fleire gode tilknytingspunkt som kan ta i mot straum utan behov for større nettoppgraderingar på land.